



P.Mulvik as
Ved e-post til jan@mulvik.no

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/1214	8652/2016	2016008	UTV/ PERHEL	13.07.2016

PLAN ID 1519-2016008 DETALJREGULERINGSPLAN ELVADALEN - BK1 - DEL AV GNR 30 BNR 4 - FØREHANDSKONFERANSE.

Etter initiativ frå Plankonsulent P.Mulvik as på vegne av eigar av gnr 30 bnr 4 halde førehandskonferanse knytt til aktuelt planarbeid på området BK1 innanfor reguleringsplan Elvadalen.

Til stades frå kommunen: Jørgen Vestgarden, Per Heltne, Berit Sandvik Skeide.

Til stades frå forslagsstillar: Jan Magnus Ose (Per Mulvik AS), og grunneigarar Astrid og Per Schelderup.

Tema tatt opp på møtet:

Grunneigar ynskjer å sette i gong arbeid med regulering av Bk1- gbnr.: del av 30/4 for å legge til rette for oppføring av konsentrert busetnad på eigedomen.

Konsulentforma P.Mulvik as er engasjert plankonsulent for tiltaket.

Området ligg innafor Reguleringsplan for Elvadalen – RV 651 m.m. godkjent 28.08.1997, med planid: 1997004, og er der kalla Bk1. Arealet er flateregulert til konsentrert utbygging. I arealet BK1 inngår del av gnr 30 bnr 4 og 29/11 - eigar Volda kommune.

Det vart i 2013 varsla oppstart for detaljplanlegging for same område.

Dette er registrert som sak 2013/570 - med planident 2013002.

Dette arbeidet er avslutta.

Førebels vurdering:

I reguleringsplan, som er å sjå som områdeplan, er arealet lagt ut til konsentrert bustadformål.

Det er i plan sett vilkår om utarbeiding av *Bebyggelsesplan for området for utbygging*.

Begrepet bebyggelseplan er i dag ikkje relevant for slikt planarbeid, og eventuell planlegging må skje som Detaljreguleringsplan etter reglane i pbl §12-3.

Og eventuelt sakshandsamingsreglar etter §12-11, om den vert fremja som privat plan.

Spørsmål om planoppstart i privat regi skal handsamast politisk, ved vedtak Formannskapet.

Søknad om planoppstart med skissert formål og nærare grunngeving vert såleis å fremje for slik handsaming.

Den tilgrensande eigedomen gbnr 29/11 er del av Bk1 og må såleis takast med i planarbeidet.

Kommunen er her grunneigar og ein legg til grunn at avklaring av slik inkludering av kommunen sitt areal inngår vert teke opp i søknaden og kan vurderast i same sak.

I slik sak til formannskapet vil ein både ta stilling til spørsmål om privat fremjing av planframlegg, og kome attende til eventuelle føringar for slikt vidare planarbeid.

Spørsmål om behov for ny planvurdering gjennom det oppstarta arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin arealdel vil då også bli vurdert.

Kommunen sender ved kopi av gjeldande plan for området.
Naudsynt kartgrunnlag for planutarbeiding vert å bestille frå kommunen.

Kommunen har fastsett gebyrregulativ for plansaker, som er vedlagt referatet.

Med helsing
Per Heltne (Sign)
planleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.